



Arkivnr: 2016/3308-3

Saksbehandlar: Arnfinn Rekve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		28.04.2016

Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til saksprotokoll i utval for opplæring og helse – 07.04.2016.

Vedtak

«*Utval for opplæring og helse ber om at RS 19/16 vert teke opp som sak i neste møte.*»

For at HFK skal kunna «ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana Gymnas», vil det måtta innebera ei flytting av verksemda til annan eigna plass i organisasjonen. Gjeldande kontrakt med Midttun verksted AS er på si side avgrensa til «drift av kantinekjøkkenet ved Fana Gymnas». Ei flytting av verksemda vil såleis vera i strid med føresetnadene som er sett i gjeldande kontrakt, samt regelverket for offentlege innkjøp.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek saka til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkessdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.04.2016

Fylkesrådmannen viser til saksprotokoll i utval for opplæring og helse – 07.04.2016.

«I samband med «RS 19/16 Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas» bad **Tor Andre Ljosland (KrF)** om å få presentert ein oversikt over kvar Hordaland fylkeskommune nyttar seg av VTA-plassar. Fylkesdirektør opplæring vil leggje fram slik oversikt for utvalet.

Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse ber om at RS 19/16 vert teken opp som sak i neste møte.»

Røysting

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse ber om at RS 19/16 vert teke opp som sak i neste møte.»

Fylkesrådmannen viser vidare til saksprotokoll frå møte i Utval for opplæring og helse 10.03.2016, der Tor André Ljosland i OPEN TIME stilte spørsmål om kantinedrifta ved Fana Gymnas. Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet og ville koma attende med utfyllande informasjon til neste møte.

Lokala til Fana Gymnas skal ikkje lenger nyttast av Hordaland fylkeskommune. Vidare kantinedrift der vil difor ikkje vera føremålstenleg, korkje for HFK eller for Midttun verksted AS som driv kantina i dag. Dersom HFK skal «ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana Gymnas», vil dette såleis måtte innebere ei flytting av verksemda til annan eigna plass i organisasjonen. Dette er problematisk både i høve regelverket for offentlege innkjøp, og i forhold til den kontrakten som ligg føre mellom HFK og Midttun verksted AS. Avtalen HFK har med Midttun verksted AS, er ein tenestekonsesjonskontrakt som er avgrensa til «drift av kantinekjøkkenet ved Fana Gymnas». Kontrakten har 3 månaders gjensidig oppseiingsrett.

I medhald av lov om offentlege innkjøp kan ikkje HFK tilby ein ny kontrakt til Midttun verksted AS ein annan stad i organisasjonen utan først å gjennomføre ei open, offentleg utlysing av kontrakt, der prinsippet om likebehandling overfor andre potensielle leverandørar vert ivaretake. Dette ville i så tilfelle utgjera ei vesentleg endring av gjeldande kontrakt, noko som igjen vil kunna medføra risiko for rettslege krav frå konkurrerande verksemder.

Ein kan på generelt grunnlag leggja opp til at bedrifter som legg til rette for VTA-plassar, i større grad driftar kantinenestene ved våre skular gjennom å be skulane vurdera reserverte kontraktar. Reserverte kontraktar avgrensar den offentlege utlysinga til berre å omfatta organisasjonar der fleirtalet av dei tilsette som er involvert i kontrakten, har funksjonshemminger. Anbodskonkurransar som inneber reserverte kontraktar, kan likevel ikkje avgrensast til berre å gjelda ein leverandør (Midttun verksted AS).

Konklusjon

Ei vidareføring av noverande kontrakt med Midttun verksted AS ein annan stad i organisasjonen vil utgjera ei vesentleg endring av gjeldande kontrakt, som er avgrensa til «drift av kantinekjøkkenet ved Fana Gymnas». Dersom ein derimot vel å oppretta ein ny kontrakt med Midttun verksted AS under nye føresetnader, utan føregåande tinglysning, vil det vera å rekna som eit direkte ulovleg innkjøp. Dette vil innebera brot på lovverk om offentlege innkjøp, i tillegg til å vera i strid med det formålet regelverket har om likebehandling. Fylkesrådmannen vurderer det difor slik at HFK ved Opplæringsavdelinga ikkje kan stå ansvarleg for å sikra vidare kantinedrift for Midttun verksted AS.